

KOM OG MØT HERR ALFREDSEN!

Laurdag 8.november kl 12.00 er det barneprogram i Fusa folkebibliotek sine lokale i Eikelandsosen. Programleiar er Fredrik Schmidt Fotland og han har med seg Torfinn Sirnes og Målfrid Ljones.

Torfinn Sirnes er i haust aktuell med biletboka ”Herr Alfredsen”. Du får også møte *Målfrid Ljones*. Målfrid er pensjonert lærar frå Fusa. Ho har gjeve ut bøker for vaksne og har også ei barnebok under arbeid.

Målgruppa for *Herr Alfredsen* er born i småskulen (6-9 år). Torfinn Sirnes er haugesundar og far til Herr Alfredsen. Torfinn jobbar til dagleg som lærer på Skeisvang VGS i Haugesund og lever ut draumen som barnebokforfattar og rockemusikar på fritida.

Barneprogrammet er i biblioteket si vanlege opningstida på laurdag føremiddag. Det er difor gratis inngang.

